



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## Høyring av verneplan for skog

Skylegga naturreservat,  
Ålesund kommune



Gamal furuskog ved Skylegga sett mot vest. Foto: Øivind Leren

## **Innhald**

|  |    |
|--|----|
| Bakgrunn .....                             | 3  |
| Tilbodet .....                             | 3  |
| Heimelsgrunnlag.....                       | 3  |
| Verneforslaget sitt omfang.....            | 5  |
| Skildring av område .....                  | 5  |
| Vegetasjon, skogstruktur og påverknad..... | 5  |
| Verneinteresser .....                      | 5  |
| Føremål.....                               | 6  |
| Skogbruksopplysningar .....                | 6  |
| Andre interesser.....                      | 6  |
| Tekniske inngrep .....                     | 7  |
| Planstatus .....                           | 7  |
| Litteratur.....                            | 7  |
| Saksgang .....                             | 7  |
| Vidare sakshandsaming .....                | 10 |
| Framlegg til verneforskrift.....           | 11 |

## Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfold av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil videreføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

## Tilbodet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk tilbod om friviljug skogvern på gnr/bnr 544/1, 545/1, 2 og 10 i Ålesund kommune. Tilboden vert dagsett 13. januar 2021, med grensejusteringar juni 2021, gjennom ALLSKOG SA. Området føreslått vern, Skyleggja (tidlegare kalla Trondalen) naturreservat, omfattar eit areal på 382 dekar.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er dokumentert ved registreringar av naturverdiane gjennom supplerande kartlegging av naturtypar i Skodje kommune i 2011 av Dag Holtan.

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang.

## Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldlova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldlova, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særsiktig naturvitenskapelig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”



Furuskog i vestre del av område. Foto: Øivind Leren

## Verneforslaget sitt omfang

| Namn                   | Kommune | Fylke           | Areal | Verneform     | Eigedomar (gnr/bnr)  | M.o.h.   | Verdi            |
|------------------------|---------|-----------------|-------|---------------|----------------------|----------|------------------|
| Skylegga naturreservat | Ålesund | Møre og Romsdal | 382   | Naturreservat | 544/1,<br>545/1,2,10 | 50 - 210 | Svært viktig (A) |

### Skildring av område

Lokaliteten ligg nord for Brudsalsvatnet ved Slettebakk-kleiva i ei sør vendt li i vegetasjonssone med sør boreal vegetasjonsseksjon. Skogen er karakterisert av kupert terreng tresatt med furu. I små dalsøkk er vegetasjonen våtare og vi finn mosaikk med myr. Bergartane består av gabbro og aluminiumsilikatgneis og gir generelt vekstforhold for lite kravfulle artar.

### Vegetasjon, skogstruktur og påverknad

Området er dominert av gammal furuskog med innslag av fuktig furu-hasselskog. Vegetasjonstypen er stort sett blåbærskog med mykje småbregneskog og røsslyng-blokkebærskog på oppstikkande ryggar. I dalsøkk med våtare terreng finns også innslag av oseanisk lågurtfuruskog. Furu med middels grove dimensjonar dominerer tresjiktet. I øvre del av området finns større furu med tverrmål frå 60 cm til 110 cm. Elles er det innslag av alm (EN), barlind (VU), bjørk, hassel, hegg, gråor, morell, osp, rogn og selje. Både liggande og ståande daud ved finns spreidd i området men utan kontinuitet for dette elementet. Nokon stader er daudved dimensjonane grove. Av karplanter er det registrert enghumleblom, hengejeks, jonsokkoll, jordnøtt, krattlodnegras, kranskonvall, kusymre, kristtorn, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogburkne, skogsnelle, skogfiol, skogsvinerot, smørtegl, storfrytle, sumphaukeskjegg, tågebær og vivendel. Av lavartar er det registeret gubbeskjegg (NT) på gammal furu og grynfiltlav, kystfiltlav, lungenever og vanleg blåfiltlav på lauvtre. Her er også leveområde for kvitryggspett og storfugl som er registrert her. Området er tidlegare påverka av beiting, men denne bruker er slutt for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og er ein skog i god og dynamisk utvikling med god aldersvariasjon og svært lite påverknad i øvre del.

### Verneinteresser

I evalueringa av ordninga frivillig skogvern av 2016 (NINA Rapport 1352) kjem det fram at Møre og Romsdal har låg vernedekning på naturtypar i skog som kystfuruskog, edellauvskog og bekkeklofter. I tillegg er det utarbeida ei samanstilling av kartleggingar av kystfuruskog fram til 2018 (Rapport MU2018-10) der det er nærmere skildra kor ein finn dei mest artsrike og verdifulle skogane.

Innanfor føreslått vernegrense dominerer gammal kystfuruskog med godt utvikla vegetasjonstypar. Skogstrukturen er variert med meir spor etter beitebruk i lågareliggende del, og ein meir urørt struktur og større dimensjonar av furu i den høgareliggende delen. Kontinuitetskrevjande artar som gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) og eldre rikbarkstre med godt utvikla lungeneversamfunn indikerer høg luftfuktigkeit og god økologisk tilstand. Skogstrukturen er mosaikkprega med variasjonar av fuktpåverknad, suksesjonsstadia og nedbryting av daud ved.

Området for føreslått vern har stor kartleggingsgrad (80 %) og er kartlagt som gammal, sør boreal kystfuruskog. Denne skogtypen har den høgste prioriteringa for ordninga med frivillig skogvern i vårt fylke. Området inneheld den sjeldne naturtypen lågurtfuruskog som er raudlista (VU) og som vi

ønskjer å oppnå betre status for, jf. Nml § 4. Naturkvalitetane er vurdert som svært høge (A-verdi) og skogstrukturen er i god utvikling med lite påverknad.

Økologisk nettverk for artene som finns i dette økosystemet er gode. Denne kystfuruskogen er ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust. Organismane knytt til denne skogtypen har såleis gode spreiingsmoglegheiter til andre noder (knutepunkt) for å ivareta symbiosar og variasjon. Dette nettverket av kystfuruskog har ein særskild verdi som del av eit heilsakleg landskap og vil hjelpe på økosystemstabilitet og ressurssirkulering.

Området er i svært stor grad med på å oppfylle mål for skogvernplan i Møre og Romsdal.

### Føremål

Føremålet med forskifta er å bevare eit område som representerer ein bestemt type natur i form av gammal kystfuruskog i sørboREAL sone med innslag av rike lågurtskogar og velutvikla furusuksesjon, samt førekommst av gamle tre og daud ved. Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekommst av sjeldne og truga artar av karplantar og lav. Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### Skogbruksopplysningar

Fakta ut frå skograppoRt Kilden:

Totalareal skog: ca. 273 daa

Det er utført skogbruksplanlegging med miljøregistreringer i området.

Svært viktige naturtyper i skog: 205 daa -Gammal barskog

Produktivt skogareal (AR5): ca. 249 daa

| Skog, særskilt<br>høy bonitet | Skog, høy<br>bonitet | Skog,<br>middels<br>bonitet | Uproduktiv<br>skog | Skrinn og<br>jorddekt<br>fastmark |
|-------------------------------|----------------------|-----------------------------|--------------------|-----------------------------------|
| 6                             | 230                  | 13                          | 25                 |                                   |

Skogressurskart (SR 16) – volum (daa):

| 0-100<br>m <sup>3</sup> /ha | 100-200<br>m <sup>3</sup> /ha | 200-300<br>m <sup>3</sup> /ha | 300-400<br>m <sup>3</sup> /ha | > 400<br>m <sup>3</sup> /ha |
|-----------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-----------------------------|
| 27                          | 84                            | 153                           | 8                             |                             |

Arealet som er mest interessant for skogbruket ligg innanfor ein svært viktig naturtype. Det er ikkje skogsvegar inn i området, men området er likevel relativt tilgjengeleg. Noko areal har betydeleg kubikkmasse pr. areal. Heile området er i hovudsak furudominert. Ut i frå at alt areal ligg som svært viktig naturtype vurderer ein område til å ha liten verdi for skogbruket.

### Andre interesser


Det er registrert ein tursti (FK00030628) som kryssar området i vest. Dette er eit utfartsområde for lokalbefolkinga og lite tilrettelagt.

## Tekniske inngrep

Det går nokre turstiar gjennom område. Dei er sparsamt merka og har ikkje tekniske installasjonar/bygg.

## Planstatus

I Ålesund kommune sin vedtatt kommuneplan areal er området føreslått verna sett av til LNF (landbruks- natur- og friluftsområde) formål jf. kartutsnitt under. Svart skravur viser omsynssone (H110) knytt til nedslagsfelt for drikkevasskjelde (Brusdalsvatnet) og raud skravur viser omsynssone (H310) knytt til ras- og skredfare.



Utsnitt fra Ålesund kommune sitt arealkart i kommuneplanen.

## Litteratur

*Supplerande kartlegging av naturtypar i Skodje kommune i 2011, Holtan, D. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport nr. 3 - 2012: 110 s. ISBN 978-82-7430-248-8 (papirutgåva)*

*Naturfaglige registreringer av kystfuruskog, Rapport MU2018-10*

*Evalueringa av norsk skogvern i 2016, NINA Rapport 1352*

## Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for Skylegga naturreservat vart meldt 10.01.2022 med namnet Trongdalen, og frist for innspel var 18.02.2022.

Vi fekk følgande merknader til oppstartsmeldinga:

Statnett (brev datert 18.01.2022) uttalar følgande;

«Statnett har ikke transmisjonsnett eller planer som blir berørt av de foreslalte verneområdene og har derfor ingen merknader.»

Riksantikvaren (brev datert 18.01.2022)

«Fylkeskommunen, som også er på høyringsslista, er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker. Vi viser til kulturmiljøforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar derfor ikkje saka.»

Forsvarsbygg (brev datert 20.01.2022)

«Vi ser ingen konfliktar med føreslått verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynte unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber også om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget.»

Språkrådet (brev datert 28.01.2022)

«Det er føreslege å leggja namneforma Trongdalen til grunn for namnet på det tredje verneområdet. I SSR er primærnamnet ført opp med skrivemåten Trongdalen som offisiell form, men namnet burde vore skrive Trongedalen. Namnet er med i den lokale stadnamnsamlinga som er lagd ut på nettsida Fylkesatlas, og der er det registrert med uttaleforma /'trånge,da:l'n/, det vil seia med ein /e/ som bindelekk. (Jf. med det som står om samansetningsmåte i punkt 6 i Utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn.) Dette gjer at det burde vore reist namnesak for dalnamnet. Det kan ta lang tid å få gjennomført ei namnesak, og Statsforvaltaren bør difor vurdera å leggja eit anna lokalt stadnamn til grunn for områdenamnet. Den høgaste fjelletoppen i området ber namnet Skylegga, og i SSR er skrivemåten Skylegga registrert som ei tilrådd namneform og som eineform. Difor bør **Skylegga naturreservat** kunna reknast som eit alternativ til namn på verneområdet.»

Kartverket (brev datert 31.01.2022)

«Kartverket viser til tilråding frå Språkrådet datert 28.1.2022. Akslanakken og Ørnakken er uproblematiske. Skrivemåtane er godkjende, og Ørnakken er allereie registrert som verneområde. Vi er også einige i vurderinga om å finne eit anna namn enn Trong(e)dalen for verneområdet ved Brusdalen, slik at ein unngår å måtte vente på ei namnesak. Skylegga er ein markant lokalitet, og er nok velkjend som grensemerke. Rett nok ligg denne toppen i utkanten av området, men det gjør Tong(e)dalen også.»

Direktoratet for mineralforvaltning (brev datert 09.02.2022)

«Ingen merknader.»

NVE (brev datert 11.02.2022)

«Så langt vi kjenner til er det nettanlegg nært og som grenser til det foreslalte verneområdet. Statnett SF har uttalt seg ifb. oppstartsmeldingen og informerer om at de ikke har transmisjonsnett eller planer om transmisjonsnett som blir berørt av verneplanene og har dermed ingen merknader. Nordvest Nett AS har områdekonsesjon og eier et 22 kV distribusjonsnett som både ligger nært og grenser til det foreslalte verneområdet. Vi oppfordrer nettselskapet til å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med eksisterende eller fremtidige prosjekter. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er spesielt viktig at områdekonsesjonær uttaler seg om aktuelle planer. Vi ber Nordvest Nett AS vurdere om de trenger standardbestemmelser som sikrer drift og vedlikehold, inkludert sikringshogst med tilhørende

*motorferdsel. NVE ber Nordvest Nett AS spesielt å vurdere disse bestemmelsene for oppgradering og fornyelse:*

**§ 4 Generelle unntak fra vernebestemmelsene:**

*«Oppgradering eller fornyelse av eksisterende kraftledning for heving av spenningsnivået og økning av linetverrsnittet når tiltaket ikke skader verneverdiene angitt i verneformålet nevneverdig.»*

**§ 7 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser:**

*«Oppgradering og fornyelse av kraftledninger som ikke faller inn under § 4.»*

**Statens vegvesen (brev datert 11.02.2022)**

*«Statens vegvesen arbeider for tiden med å utarbeide planer for ny E39 på strekningen mellom Ålesund og Molde, iht. vedtatt NTP 2022-33. Foreslårte verneområder ved Trondalen og Ørnakken kommer relativt nært eksisterende E39. For å sikre mulighetene for å realisere ny E39 ber vi om at verneområdene ikke er inngripende i eksisterende byggegrenser og mulighetene for å justere byggegrensen tilsvarende fremtidig E39.3 Statens vegvesen kan gjerne kontaktes igjen ved ev. behov for ytterligere avklaring eller ønske om dialog før fastsetting av grenser for verneområdene mot E39.»*

**Møre og Romsdal fylkeskommune (brev datert 16.02.2022)**

*«Ingen merknad til igangsetting av verneplanprosess.»*

**Mørenett AS (brev datert 18.02.2022)**

*«Verneområde må ikke være til hinder for vedlikehold og skogrydding av linjetraseen. For skogrydding langs linja må vernegrensa ligge minst 15 meter fra midtfasen, dvs va. 12 meter fra ytterfasen. Det må også være muligheter for å «ta ut» tre også utenom «ryddebeltet» dersom disse er en fare for linja..»*


**STATSFORVALTAREN SIN VURDERING AV MERKANDANE**

Innspel frå Forsvarsbygg om direkte unntak frå vernereglane for operativ militær verksemd er med i standardutforming av verneforskrift, jf. § 4 j)

Språkrådet og Kartverket sin merknad til områdenamn er tatt til etterretning og i dette verneframlegget er områdenamnet endra frå Trondalen til Skylegga naturreservat.

NVE og Mørenett sine merknader er tatt inn i forskrifta § 4 j) og § 6 c).

Statens vegvesen og Statsforvalteren har vært i dialog angåande byggegrense og planlagt aktivitet for denne strekninga. Ny trase for E39 vi truleg bli lagt lengre ned mot Brusdalsvatnet enn dagens vegtrase. Det er heller ikkje planlagt anleggsområde på dette strekke i forhold til deponi av lausmassar eller anna inngrep. Det er difor einigkeit om at grense med 15 meters klaring til dagens vegskulder er tilstrekkeleg for å realisere vegplanane. Det er førebels uavklart om vegen treng sikrast i forhold til ras og skred, da det ligg inne ei sone i eksisterande kommuneplankart for ras- og skredfare. Vi høyrer derfor eit forslag i forskrift om dispensasjon-møglegheit for slike tiltak.



## Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med **frist 25. mai 2022**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

## Framlegg til verneforskrift

### **Forslag til forskrift om vern av Skylegga naturreservat i Ålesund kommune i Møre og Romsdal fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 1. (føremål)**

Føremålet med forskrifa er å bevare eit område som representerer ein bestemt type natur i form av gammal kystfuruskog i sør boreal sone med innslag av rike lågurtskogar og velutvikla furusuksesjon, samt førekommst av gamle tre og daud ved. Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekommst av sjeldne og truga artar av karplantar og lav.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

#### **§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Ålesund kommune: 544/1, 545/1,2,10.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 382 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Ålesund kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 3. (verneregler)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går frem av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrannning er forbode.

#### **§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn.
- e) Beiting
- f) Utsetting av saltsteinar.
- g) Oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- h) Fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt.
- i) Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.
- j) Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande merka stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- d) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- b) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- c) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d) Ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e) Merking og rydding av nye stiar
- f) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g) Oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h) Gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade

- i) Bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta
- j) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane nemneverdig
- k) Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd
- l) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, g, h og j
- m) Mindre tiltak i samband med utbygging av ny E39

#### ***§ 8 (generelle dispensasjonsreglar)***

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

#### ***§ 9 (skjøtsel)***

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

#### ***§ 10. (forvaltingsplan)***

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### ***§ 11. (forvaltingsstyresmakt)***

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

#### ***§ 12. (iverksetting)***

Denne forskrifta trer i kraft straks